

## Møte nr.

**Kontrollutvalet i Forsand**  
**VERT KALLA INN TIL MØTE**  
**29. november 2011 kl. 08.30 på kommunehuset (møterom oppe)**

## SAKLISTE

Godkjenning av innkalling og saksliste

- 28/11 [Kort gjennomgang av kontrollutvalet sine oppgaver og ansvarsområder/plan for vidare gjennomgang](#)
- 29/11 [Nye planar for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll - framdriftsplan](#)
- 30/11 [Rapport forvaltningsrevisjon: Budsjettstyring \(Kommunen sitt styringssystem\)](#)
- 31/11 [Bestilling forvaltningsrevisjon: Anskaffingar \(Innkjøp til drift og investering\)](#)
- 32/11 [Opne møter i kontrollutvalet](#)
- 33/11 [Forslag til møteplan for 2012](#)
- 34/11 [Årsplan for 2012 - Forsand kontrollutval](#)
- 35/11 [Statusoversikt kontrollutvalets saker - november 2011](#)

## EVENTUELT

### MELDINGAR

Ingen meldingar til dette møtet

Vennleg meld eventuelt forfall snarast på telefon 51 97 65 91 eller mobil 414 46 180, eller på e-post til [postmottak.rks@sandnes.kommune.no](mailto:postmottak.rks@sandnes.kommune.no).

Ved forfall vert varamedlemmer innkalla serskilt. Medlemmer som meiner seg inhabile , må og gje melding dette, slik at varamedlemmer kan innkallast.

Evt. saker merka (Unnateke offentleggjering i medhald av off.l) sendast berre til medlemmer/ varamedlemmer.

Forsand, 21. november 2011

Wenche Selvik  
Leiar av kontrollutvalet

Per Kåre Vatland  
Sekretariatet

## ROGALAND KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS

Arkivsak : 200800030  
Arkivkode : E: 033  
Saksbeh. : Per Kåre Vatland

<b>Behandlast av utval:</b> Kontrollutvalet i Forsand	<b>Møtedato</b> 29.11.2011	<b>Utvalgssaksnr.</b> 28 /2011
--	-------------------------------	-----------------------------------

### **KORT GJENNOMGANG AV KONTROLLUTVALET SINE OPPGÅVER OG ANSVARSOMRÅDAR/PLAN FOR VIDARE GJENNOMGANG**

#### **Bakgrunn:**

For dei fleste av medlemmene i kontrollutvalet vil rolla som kontrollutvalsmedlem vera ny og ukjent. Sekretariatet vil derfor på dette møtet ha ein kort gjennomgang av kontrollutvalets viktigaste oppgåver og arbeidsområde. I tillegg vil revisor ha ein kort gjennomgang av kven dei er og kva dei jobbar med. Det vert invitert til dialog med medlemmene ved desse gjennomgangane.

#### **Saksutredning:**

Erfaringar frå førre periode viste at det ikkje er gunstig med alt for mykje informasjon på ei gong på første møte. Det vert derfor lagt opp til å ha litt informasjon om kontrollutvalets oppgåver på alle møta framover. I tillegg kan ein koma tilbake til område som kontrollutvalet måtte ønska å ha ein ny gjennomgang av om ca. eitt år.

Det vert foreslått at man går gjennom eitt tema på kvart møte framover knytt til:

1. Kommunale rekneskap – kvar finst den viktigaste informasjonen? v/revisor
2. kva er og korleis vert ein forvaltningsrevisjon gjennomført v/revisor
3. Habilitetsreglar v/sekretariatet
4. Ny gjennomgang av kontrollutvalets ansvar og oppgåver etter ca. eitt år – spesielle tema vert valt ut i samarbeid med utvalet.

Undervegs vil det og bli orientert om ein del andre viktige område som kontrollutvalet skal arbeida med framover, som planverket som skal utarbeidast (sjå også eiga sak), kva overordna analyse er og kva for kriterium kontrollutvalet skal nytta for utveljing av prosjekt. Kontrollutvalets neste møte er normalt sett ikkje før i april 2012. Sekretariatet vil derfor be kontrollutvalet å vurderer å ha eit ekstramøte i 2012 i januar/februar, slik at ein del av opplæringa kan kanaliseras til dette møtet.

Det vert òg arrangert årlege konferansar for medlemmer i kontrollutvala. Lokalt vert det arrangere ein årleg haustkonferanse i okt./nov. på Sandnes, der alle kontrollutvala i Rogaland vert invitert. Denne vert arrangert litt seinare i år, den 8. desember.

I tillegg er det år 2 store landsomfattande konferansar kvart år. I månadsskiftet januar/februar arrangerer Norges KommuneRevisorForbund (NKRF) sin kontrollutvalskonferanse. Dette er ein stor konferanse med over 500 deltakarar frå heile landet, der både revisorar, kontrollutvalsmedlemmer og sekretariat er med. I tillegg arrangerer Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) årlig ein konferanse i juni. Denne er for kontrollutvalsmedlemmar og

sekretariat, og er mindre og litt rimeligare enn NKRF sin konferanse. Kontrollutvalet i Forsand er og medlem av denne organisasjonen, og har stemmerett på forbundets årsmøte.

Førre kontrollutval gjennomførde ein evalueringsrunde på dei siste møta. Oppsummering frå denne evalueringa er lagt ved.

Forslag til

#### VEDTAK:

- Kontrollutvalet tar orienteringar frå sekretariat og revisor til etterretning.
- Kontrollutvalet ber sekretariatet om å organisera nødvendig opplæring i tråd med det utvalet kom fram til på møtet.

SANDNES, 21. november 2011

Per Kåre Vatland  
Seniorrådgivar

Vedlegg:

[Kontrollutvalets evaluering av eige arbeid](#)

[Saksliste](#)

[Neste](#)



## **Kontrollutvalet i Forsand**

Arkivkode: E: 033  
Saksnr. : 200800030

### **Kontrollutvalet si evaluering av arbeidet i perioden**

---

#### **Opplæring av kontrollutvalet**

Kontrollutvalet meiner at dei fekk ei god opplæring både individuelt i første møtet, men og på fellesopplæringa i regi av Forum for kontrollutval i Rogaland (Sandnes). Utvalet nemnde at siste kursrunden til Forumet (om NAV) ikkje svare heilt til forventningane.

Saknar påfyll/repetisjon.

Medlemmar i utvalet bør få med seg sentrale kurs (NKRF-/FKT-konferanse), både for å få fagleg påfyll, men og for å knytte kontaktar med andre.

Kontrollutvalet bør presenterast for kommunestyret. I presentasjonen er det viktig og . gje ei oversikt over oppgåver, men og få fram at kontrollutvalet er kommunestyret **sitt** organ. Det bør og vurderast å gje kontrollutvalet høve til å presentere rapportar for kommunestyret.

#### **Forvaltningsrevisjon og selskapskontroll:**

Kontrollutvalet opplever at det har vore nokre rapportar kor det har vore lite funn, som kan verke kjedelege. På bakgrunn av dette kan utvalet godt forstå at formannskapet spør om kva ein skal med desse rapportane.

Selskapskontrollar aukar fokuset på selskapa og skapar betre innsyn i selskapa sin aktivitet. Dette motverkar ein del av den kritikken som vore mot at oppgåver vert fjerna frå kommunen og lagt ut i selskap som er meir lukka for innsyn.

Utvalet opplevde at dei hadde lite eigarforhold til planane når dei arbeidde med desse. Det burde vore betre opplæring i forkant om kva planen inneber. Dette kan leggast inn i saksdokumenta.

Det same gjeld og når ein inviterar politikarane. Her bør ein i invitasjonen få fram kva konsekvens planen har for kontrollutvalet sitt arbeid.

Vidare bør det og peikast på at kommunestyrepolitkarane i planprosessen kan vere med på å sette dagsorden for kontrollutvalet. Gjennom ei slik opplæring vil truleg engasjementet frå kommunestyret si side auke.

#### **Regnskap og internkontroll**

Dette område er vanskeleg, og utvalet etterlyser difor meir opplæring om kommune-rekneskapen og kva utvalet bør sjå etter. Vidare ønskjar dei og få meir innsyn i kva oppgåver revisjonen har i høve til rekneskapen.

Forenkling av rapporteringa frå administrasjonen bør gjerast enklare og meir forståeleg for vanlege folk. Sjølv om lovkrav må ivaretakast, kan kontrollutvalet vere med på å påverke slik at rapporteringa vert betre, mellom anna i sin uttale om rekneskapen til kommunestyret.

Internkontrollen vert gjennomgått av revisor, som rapporterar denne til kontrollutvalet gjennom årsoppgjersnotatet. Kontrollutvalet vil følgje opp dei viktigaste forholda gjennom sin oppfølging av årsoppgjersnotatet.

Kontrollutvalet ser behov for ein årleg evaluering av arbeidet. Denne kan naturleg gjerast samtidig med at utvalet lagar årsmeldinga.

## **Budsjett og budsjettoppfølging**

Kontrollutvalet meiner at budsjettet er tilstrekkeleg.

## **Rapportering til kommunestyret**

Kontrollutvalet meiner det hadde vore ei fordel om dei kunne få presentere ein eller fleire rapportar for kommunestyret. Både for å gjere utvalet og deira oppgåver meir synlege for kommunestyret.

## **Evaluering av samarbeid med kommunen**

Kontrollutvalet kunne ynskje at ordføraren nyttar seg meir av møteretten i kontrollutvalet.

Kontrollutvalet opplever samarbeidet med administrasjonen som godt. Det er ein open og god tone når administrasjonen møtar. Kontrollutvalet opplever og at dei vert møtt med respekt.

## **Evaluering av sekretariatets arbeid**

Kontrollutvalet opplever sekretariatet som ryddig og har ein god saksførebuing.

Kontrollutvalet meiner at sekretariatet bør korrigere undervegs i møter dersom dette er nødvendig.

## **Evaluering av revisors arbeid**

Kontrollutvalet meiner at samarbeidet med revisjonen er godt.

Kontrollutvalet meiner at revisjonen og bør korrigere undervegs i møter dersom dei ser at det er nødvendig.

## **Generelt**

Når kommunestyret velgjer kontrollutvalet, bør dei legge vekt på å få ei samansetning av medlemmar med ulike kunnskapar. Kunnskap om kommunal praksis er viktig å få med i utvalet.

Kontrollutvalet meiner at tre medlemmar er tilstrekkeleg ut frå kommunestørrelsen.

[Tilbake](#)

## ROGALAND KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS

Arkivsak : 200800097  
Arkivkode : E: 146  
Saksbeh. : Per Kåre Vatland

<b>Behandlast av utval:</b> Kontrollutvalet i Forsand	<b>Møtedato</b> 29.11.2011	<b>Utvassaksnr.</b> 29 /2011
--	-------------------------------	---------------------------------

## NYE PLANAR FOR FORVALTNINGSREVISJON OG SELSKAPS- KONTROLL - FRAMDRIFTSPLAN

### Bakgrunn:

Forskrifta<sup>1</sup> slår fast at kontrollutvalet minst ei gong i valperioden og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, skal utarbeida ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen skal vedtas av "kommunestyret sjølv", som kan delegera til kontrollutvalet å foreta endringar i planperioden.

Planen skal baserast på ein overordna analyse av kommunens eller fylkeskommunens verksemd ut frå risiko- og vesentlegheitsvurderingar, med sikte på å identifisera behovet for forvaltningsrevisjon på dei ulike sektorar og verksemdar. Ein slik analyse er bestilt av tidligare kontrollutval, og vil liggja føre på nyåret. Analysen vert utarbeidd av revisor.

### Saksutredning:

Det er viktig for kontrollutvalet å få innspel til aktuelle prosjekt som til slutt skal prioriterast i planen, både frå kommuneadministrasjonen og frå sentrale politikarar. Det bør derfor utarbeidast ein plan for når kontrollutvalet ønskjer å invitera desse inn til møte med utvalet, der dei blir bedt om å koma med innspel til prosjekt som etter deira syn kan være aktuelle.

Kontrollutvalet vil så sjå desse innspela opp mot den overordna analysen. På bakgrunn av analysen og mottatte innspel skal så kontrollutvalet til slutt prioritera kva for prosjekt ein ønskjer å gjennomføra i den komande perioden. Dei prosjekta som til slutt vert føreslått, skal vurderast ut frå risiko og vesentlegheitsvurderingar.

Det vert føreslått at kontrollutvalet diskuterer ein framdriftsplan for korleis denne prosessen skal skje. Det inneberer:

- Ta stilling til korleis ein skal gjennomføra dialogen med politikarane
- Ta stilling til gjennomføring av dialog med kommuneadministrasjonen
- Tidspunkt for kontrollutvalets endelige prioriteringar
- Vedta planen (frist innan utgangen av 2012)
- Oversending av planen til bystyret

I Forsand føregjekk dette i førre runde ved at kontrollutvalet inviterte rådmannen og hans leiargruppe til eit ordinært møte i utvalet på hausten. Ordføraren og gruppeleiarane vart invitert til same møtet, og møtte etter at dialogen med administrasjonen var gjennomført. Denne gongen føreslår sekretariatet at kontrollutvalet tek desse dialogane i kvar sine møte, før

---

<sup>1</sup> Forskrift om kontrollutval § 10

sommaren. Kontrollutvalet kan evt. vurdere om dei vil avtale møte med ordførar og gruppeleiarane 1 time før eit kommunestyremøte, seinast før sommarferien. Dette kan gjere det lettare å få med alle.

Til slutt vil det også koma innspel til prosjekt frå revisor og evt. frå sekretariatet.

Kontrollutvalet bør setja opp ein framdriftsplan for korleis ein ønskjer å behandla denne saka. Sekretariatet har laga eit forslag til dette, sjå forslag til vedtak. Det same forslaget er og innarbeida i kontrollutvalet sin årsplan. Det er sjølvstøtt opp til kontrollutvalet å evt. endre på den føreslåtte framdriftsplanen.

Når det gjeld plan for selskapskontroll vert behandlinga noko enklare. Sekretariatet tek sikte på å leggje fram forslag til planen på møtet i april. Kontrollutvalet vil på møtet i juni kunne vedta planen.

Forslag til

#### VEDTAK:

Kontrollutvalet vil behandla sak om ny Plan på forvaltningsrevisjon på følgjande måte:

Møte jan./feb. Overordna analyse vert presentert. Kontrollutvalet planlegg møta med administrasjonen og politikarane

Møte i april Administrasjonen vert invitert for å koma med innspel til planen. Fyste utkast til plan for selskapskontroll vert lagd fram

Møte i juni: Gruppeleiarane vert invitert til kontrollutvalet (evt. kontrollutvalet avtalar eit møte md dei i forkant av eit kommunestyremøte. Revisor og evt. sekretariatet legger fram forslag til prosjekt Endeleg godkjenning av plan for selskapskontroll

Møte i sept. Første utkast til plan vert presentert for kontrollutvalet, som foretar sine prioriteringar og evt. vedtar planen

Møte i nov.: Siste frist for kontrollutvalet for å vedta planen

SANDNES, 21. november 2011

Per Kåre Vatland  
Seniorrådgiver

[Saksliste](#)

[Neste](#)

[Førre](#)

## ROGALAND KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS

Arkivsak : 201000088  
Arkivkode : E: 216  
Saksbeh. : Per Kåre Vatland

<b>Behandlast av utval:</b> Kontrollutvalet i Forsand	<b>Møtedato</b> 29.11.2011	<b>Utvalssaksnr.</b> 30 /2011
--	-------------------------------	----------------------------------

## RAPPORT FORVALTNINGSREVISJON: BUDSJETTSTYRING (KOMMUNEN SITT STYRINGSSYSTEM)

### Bakgrunn

Kontrollutvalet bestilte forvaltningsrevisjonen *Budsjettstyring (Kommunen sitt styrings-system)* i møtet 30.11.2010.

I bestillinga vart det lagt til grunn at formålet med forvaltningsrevisjonen var: *"Prosjektet skal vurdere intern kontroll og risikohåndtering knyttet til økonomistyring og overholdelse av vedtatte budsjetter."*

Vidare vart det avtala at forvaltningsrevisjonen skulle omhandle fylgjande problemstillingar:

- *Hvilke budsjetterings- og budsjetterapporteringsrutiner har kommunen etablert og hvordan praktiseres de?*
- *Hvilke risikovurderinger gjøres i kommunen og hvordan styres risiko?*

Prosjektet har ei avtala ramme på 100 timar.

### Saksutgreiing

Rogaland Revisjon IKS har laga rapporten som nå ligg føre til behandling i kontrollutvalet og kommunestyret.

Rapporten bygger på intervjuar av ledinga, spørjeskjema og dokumentanalyse av dokumenter frå kommunen. Revisjonen byggjer og eigne erfaringar frå Forsand og andre kommunar.

Revisjonen meiner at den overordne budsjettstyring er tilfredstillande, og oppfyller krava i gjeldane regelverk. Dei peikar imidlertid på at kommunen ikkje gjer budsjettendingar sjølv om dei er klar over overskridingar.

Kommunen har skriftlege rutinar for budsjettstyring i økonomireglementet. Dette er frå 1996 og bør difor oppdaterast. Mellom anna er reglane for forvaltning av likviditet endra sida den gong.

Når det gjeld risikovurdering peikar kommunen på at kommunen føretek risikovurdering ved utarbeiding av budsjettet og gjennom den månadlege budsjettoppfølginga. Det er ikkje laga formelle rutinar då Forsand er ein liten og oversikteleg kommune. Revisjonen peikar likevel på for å dokumentere slike vurderingar.

I rapporten kjem revisjonen med følgjande tilrådingar:

- *Kommunen bør oppdatere økonomireglementet fra 1996. Kommunen bør vurdere om det er behov for at den administrative kontrollen skal utvikles videre når det gjelder budsjettstyring*



og risikovurderinger. Det kan i denne forbindelse vurderes å trekke inn erfaringer fra andre kommuner.

- Kommunen bør foreta budsjettendringer gjennom året ved vesentlige endringer i prognosene. Kommunen bør årlig budsjettere kun med den investeringsutgift som en regner medgår det enkelte år. Kommunen bør påse at alle vedtatte årsoppgjørdisposisjoner blir tatt med i regulert budsjett.

I følge revisjonsføreskrifta § 8, 2. skal administrasjonssjefen (rådmannen) gis anledning til å gi uttrykk for sitt syn på de forhold som kommer fram i rapporten. Administrasjonssjefens kommentarar skal også gå frem av sjølve rapporten, sjå vedlegg 3.

I rådmannen sin kommentar til vurderingane og forslaga i rapporten heitar det: "Rådmannen viser til forvaltningsrevisjonen sin oppsummering og tilrådingar, og vil gje følgjande kommentar:

- Rådmannen er samd i at økonomireglementet bør oppdaterast og ein vil prioritere dette arbeidet.
- Rådmannen er vidare samd i at ein bør føreta budsjettendringar gjennom året ved vesentlege endringar i prognosane. Det vil vere naturleg å drøfte begrepet "vesentlege endringar" med formannskapet.
- Ein vil vidare kvalitetsikre investeringsperioden for aktuelle prosjekt, slik at denne blir meir reell enn i dag.
- Tilslutt er ein samd i at vedtekne årsoppgjersdisposisjonar vert tatt med i regulert budsjett."

Etter forskrift om kontrollutval § 12 skal kontrollutvalet følgje opp vedtak som kommunestyret gjer ved handsaming av rapporter om forvaltningsrevisjon.

Kontrollutvalet tilrår kommunestyret å gjere følgjande

#### VEDTAK:

1. Kommunestyret i Forsand tek forvaltningsrevisjonen *Budsjettstyring (Kommunen sitt styringssystem)* til orientering
2. Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine konklusjonar og tilrådingar. Kontrollutvalet får melding om korleis kommunestyret sitt vedtak er følgd opp ca 6. månader etter at kommunestyret har fatta vedtaket.

SANDNES, 21. november 2011

Per Kåre Vatland  
Seniorrådgivar

Vedlegg:

[Rapport forvaltningsrevisjon: Budsjettstyring \(Kommunen sitt styringssystem\)](#) frå Rogaland Revisjon IKS

[Saksliste](#)

[Neste](#)

[Førre](#)

## ROGALAND KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS

Arkivsak : 201100031  
Arkivkode : E: 216  
Saksbeh. : Per Kåre Vatland

<b>Behandlast av utval:</b> Kontrollutvalet i Forsand	<b>Møtedato</b> 29.11.2011	<b>Utvalssaknr.</b> 31 /2011
--	-------------------------------	---------------------------------

### BESTILLING FORVALTNINGSREVISJON: ANSKAFFELSER (INNKJØP TIL DRIFT OG INVESTERING)

#### Bakgrunn

Etter plan for forvaltningsrevisjon er prosjektet Anskaffingar (Innkjøp til drift og investering) som står for tur. Det førre kontrollutvalet behandla på det siste møte ei førebuaende sak om prosjektet der dei drøfta føremål med prosjektet og problemstillingar som dei meinte burde vere med i prosjektet.

Rogaland Revisjon IKS har laga eit forslag til prosjektmandat som ligg til grunn for bestillinga.

#### Saksutgreiing

I førebuinga til bestillinga føreslo kontrollutvalet fylgjande formål: *"Formålet vil vere å undersøkje om lov om offentlege anskaffingar, styrande dokumenter for innkjøpsområde og vedtak vert etterlevd i Forsand."* Dette samsvarar med forslaget til prosjektmandatet.

Vidare føreslo kontrollutvalet fylgjande problemstillingar som kunne vere aktuelle:

1. *Korleis er innkjøpsfunksjonen i kommunen organisert?*
2. *I kva grad har kommunen tilstrekkelege system og rutinar for gjennomføring og oppfølging?*
3. *I kva grad har kommunen tilstrekkeleg innkjøpskompetansen?*
4. *I kva grad vert kjøp gjennomført i tråd med lov og regelverk?*
5. *På kva områder er det særleg sannsynleg at det kan oppstå brot på regelverk og kva konsekvensar kan dette få?*
6. *Har kommunen inngått rammeavtalar og korleis vert dette utnytta*

Dette er samsvarer med problemstillingane i forslaget til prosjektmandat.

I fylgje prosjektmandatet vil revisjonen trenge ca 100 timer på dette prosjektet, det ligg innanfor budsjetttramma i 2012. Revisjonen seier ikkje noko om kva tidspunkt dei meiner at prosjektet kan vere klart. Men sidan kontrollutvalet i Forsand har eit prosjekt i året bør kontrollutvalet be om at rapporten vert levert til siste møtet i 2012

Kontrollutvalet må ta stilling til om det framlagde prosjektet er dekkande. Dersom utvalet ser andre problemstillingar som dei meiner bør takast med, er det viktig å få desse fram no. Den rapporten som revisjonen lagar vil basere seg på bestillinga som kontrollutvalet no gjer.

Forslag til

VEDTAK:

1. Kontrollutvalet i Forsand bestiller prosjektet *Anskaffingar* i tråd med det fremlagde forslag til prosjektmandatet, med dei endringane som kom fram i møtet.
2. Kontrollutvalet ber om at rapporten vert levert til siste møtet i 2012

SANDNES, 21. november 2011

Per Kåre Vatland  
Seniorrådgivar

Vedlegg:

1. [Forslag til prosjektmandat – Anskaffelser](#) frå Rogaland Revisjon
2. [Møteutskrift frå 30.08.2011, sak 21/11: Førebuing til bestilling av forvaltningsrevisjon: Innkjøp til drift og investering](#)

[Saksliste](#)

[Neste](#)

[Førre](#)

 Rogaland Revisjon IKS	Klientnr.:	Arkiv:
Oppdrag: Forsand kommune	Utarbeidet dato/sign: 24.10.2011 Itj	År: 2011
Enhet: Forvaltningsrevisjon	Gjennomgått dato/sign.: 15.11.2011/TK	Side: 1 av 2
Sak: <b>Prosjektmandat – Anskaffelser</b>		

## Bakgrunn

Kontrollutvalget i Forsand har i møte 30.08.11 bedt oss å utarbeide forslag til prosjektmandat om innkjøp og lov om offentlige anskaffelser.

Forsand kommune kjøper varer og tjenester for betydelige beløp. Det er ønskelig at prosjektet vurderer kommunens praksis opp mot regelverket for offentlige anskaffelser. Anskaffelser er et risikofylt område vurdert opp mot de etiske brudd og direkte lovbrudd som er avslørt i norsk offentlighet de senere år. Prosjektet skal derfor også søke å identifisere risiko og god praksis ved kjøp av varer og tjenester.

## Formål

Formålet vil være å undersøke om lov om offentlige anskaffelser og styrende dokumenter og vedtak blir overholdt i kommunen.

## Problemstillinger

Ut i fra ovenstående bakgrunn og formål vil prosjektet kartlegge og vurdere følgende konkrete problemstillinger:

- Hvordan er kommunens innkjøpsfunksjon organisert?
- I hvilken grad har kommunen tilstrekkelige system og rutiner for gjennomføring og oppfølging?
- Har kommunen tilstrekkelig innkjøpskompetanse?
- Basert på stikkprøver, i hvilken grad gjennomføres innkjøp i henhold til regelverket?
- På hvilke områder er det særlig sannsynlig at det kan oppstå brudd på regelverk, og med hvilke konsekvenser?
- Hvilke områder er i dag dekket av rammeavtaler, og i så fall utnyttes disse?


## Revisjonskriterier

Revisjonskriteriene er elementer som inneholder krav eller forventninger, og vil bli brukt til å vurdere funnene i de undersøkelser som gjennomføres og dermed belyse problemstillingene. I dette prosjektet forventes kriteriene i første rekke å bli utledet fra kommunens politiske og administrative vedtak, mål og føringer på innkjøpsområdet – og lov og forskrift om offentlige anskaffelser.

## Metodevalg og omfang

Metodisk benyttes intervjuer med rådmann, sentral innkjøpsfunksjon, og desentrale innkjøpere i et avgrenset omfang. Videre benyttes dokumentgransking og analyser.

Det vil bli tatt stikkprøver av enkeltanskaffelser opp mot lover og regler for offentlige anskaffelser, og det vil bli gjennomført analyser av innkjøpspraksis i kommunens virksomheter. Sammenligninger med andre kommuner vil også bli gjort, ettersom problemstillingene er felles med prosjekter i andre kommuner.

 Rogaland Revisjon IKS	Klientnr.:	Arkiv:
Oppdrag: Forsand kommune	Utarbeidet dato/sign: 24.10.2011 Itj	År: 2011
Enhet: Forvaltningsrevisjon	Gjennomgått dato/sign.: 15.11.2011/TK	Side: 2 av 2
Sak: <b>Prosjektmandat – Anskaffelser</b>		

Prosjektet utarbeides under ledelse av fagansvarlig for forvaltningsrevisjon Bernt Mæland. Det forutsettes et tett samarbeid med representanter for kommunen. Tidsanslag til prosjektplanlegging, kartlegging, analyser og rapportering er 100 timer.

[Tilbake](#)

## SAKSPROTOKOLL

Arkivsak 201100031  
Arkivkode E: 216  
Saksbehandlar Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
Kontrollutvalet i Forsand	30.08.11	21/11

### FØREBUING TIL BESTILLING AV FORVALTNINGSREVISJON: INNKJØP TIL DRIFT OG INVESTERING

**Kontrollutvalet i Forsand 30.08.11 21/11 Førebuing til bestilling av forvaltningsrevisjon: Innkjøp til drift og investering**

Kontrollutvalet vart einige om å definere formålet og problemstillingane som i saka.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteken.

#### VEDTAK:

1. Kontrollutvalet i Forsand ber Rogaland Revisjon lage eit utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjon av innkjøp innan 15. november 2011, slik at dette kan behandlas på siste møtet i år.
2. Prosjektet skal byggje på følgjande:
  - a. Føremål: Føremålet med forvaltningsrevisjon vil vere å undersøkje om lov om offentlige anskaffingar, styrande dokumenter for innkjøpsområdet og vedtak, blir etterlevd i Forsand
  - b. Problemstillingar:
    - i. Korleis er innkjøpsfunksjonen i kommunen organisert?
    - ii. I kva grad har kommunen tilstrekkelege system og rutinar for gjennomføring og oppfølging?
    - iii. I kva grad har kommunen tilstrekkeleg innkjøpskompetansen?
    - iv. I kva grad vert kjøp gjennomført i tråd med lov og regelverk?
    - v. På kva områder er det særleg sannsynleg at det kan oppstå brot på regelverk og kva konsekvensar kan dette få?
    - vi. Har kommunen inngått rammeavtalar og korleis vert dette utnytta

Sandnes, 06.09.2011

Rett utskrift:

[Tilbake](#)

## ROGALAND KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS

Arkivsak : 200800069  
Arkivkode : E: 047  
Saksbeh. : Per Kåre Vatland

<b>Behandles av utvalg:</b> Kontrollutvalget i Forsand	<b>Møtedato</b> 29.11.2011	<b>Utvalgssaksnr.</b> 32 /2011
---	-------------------------------	-----------------------------------

## OPNE MØTER I KONTROLLUTVALET

### Bakgrunn:

Etter kommunelovens (KL) § 77 nr 8, kan kontrollutvalet sjøl velja om dei vil ha opne eller lukka møte: "Kontrollutvalgets møter holdes for lukkede dører dersom ikke utvalget selv har bestemt noe annet. Dersom møtet holdes for åpne dører, skal dørene likevel lukkes dersom utvalget skal behandle opplysninger som er underlagt lovbestemt taushetsplikt. § 31 nr. 3 siste punktum gjelder tilsvarende."

Bestemninga viser til § 31 nr 3 som lyder: "Et folkevalgt organ kan vedta å behandle en sak for lukkede dører hvor hensynet til personvern eller andre tungtveiende private eller offentlige interesser tilsier dette. Debatt om dette foregår for lukkede dører hvis møteleder krever det eller vedkommende organ vedtar det. Personalsaker skal alltid behandles for lukkede dører."

### Saksframstilling

Mens andre folkevalte organ i følge KL § 31 nr 1 normalt held sine møter for opne dører, er utgangspunktet for kontrollutvala at utvalet sjølv bestemmer om møta skal vera opne eller lukka. Muligheita for opne dører kom inn ved lovendringa i desember 2003. Departementet har imidlertid nå hatt ute eit høringsutkast til ei lovendring på dette området, der det vert foreslått å endre denne bestemninga, slik at møta i kontrollutvalet vert haldne for opne dører på lik line med andre møter i kommunale utval.

Inntil vidare er det likevel høve til å halda møta for lukka dører. Det har kontrollutvalet i Forsand gjort fram til nå. Det nye kontrollutvalet bør likevel ta standpunkt til om man ønskjer å fortsetja med denne praksisen, eller om man vil gå over til å ha opne møte. Rogaland Kontrollutvalgssekretariat har ansvar for administrasjon av 17 kontrollutval her i Sør-Rogaland, og av desse har 9 utval pr. i dag fatta vedtak om å ha opne møte.

Det er som nemnt over bare *kontrollutvalet sjølv* som inntil vidare kan bestemma om møta skal vera opne. Det er ikkje høve til å ha opne eller lukka møte frå gong til gong, kontrollutvalet må halda seg til eit valt prinsipp om at alle møta anten er opne eller lukka.

Sjølv om kontrollutvalet bestemmer seg for å ha opne møte, vil likevel alle saker som er omfatta av lovbestemt teieplikt måtte behandlast for lukka dører, på linje med i andre kommunale utval. Ut frå våre erfaring er det få saker som etter loven må behandlast for lukka dører.

Det finst argumenter både for og mot at kontrollutvalet skal ha opne møter.

### Argumenter for opne møte kan vera:

- opne møte gir større openheit om og innsyn i kontrollutvalets verksemd og rolle. Kontrollutvalet er kanskje eit av dei mest "bortgjømde" utvala i kommunen, og ved å

ha opne møte kan ein få både innbyggjarane, politikarane og kommuneadministrasjonen til å bli meir merksame på utvalet og deira arbeid.

- Det kan gjera pressa meir merksam på saker som blir tatt opp i utvalet, og dermed vera med på å auka interessa for utvaltes arbeid, samt utvalets status.
- Det kan vera viktig for utvalet at omgjevnadene ikkje får inntrykk av at saker i kontrollutvalet er noko som går føre seg i "lukka rom".
- Når det er saker som skal behandlast for lukka dører, vil det vera naturleg at desse enten tas i slutten eller i begynninga av møtet.
- Å ha opne møter er i tråd med prinsippa i den nye offentleglova, og ikkje minst i tråd med ei tilråding til lovendring frå KRD.

#### **Argumenter som tilseier at kontrollutvalet beheld dagens ordning, kan vera:**

- Hovudregelen i kommuneloven for kontrollutvalet er at utvalet sine møte er lukka, men at utvalet sjølv kan bestemma om dei ønskjer opne møte.
- Opne møte kan påverke nødvendig dialog med administrasjonen/revisor . I tilsynsfunksjonen er denne dialogen svært viktig. Med tilhørarar til stades er det ikkje alltid like lett å ha den openheita som man får i eit lukka møte, og dette kan medføra at tilsynet blir meir utfordrande å gjennomføra.

### **Oppsummering**

Som tidligare nemnt skal saker som er omfatta av lovpålagt teieplikt unntakas på vanlig måte, og derfor behandlast for lukka dører. Tilsvarende vil også gjelda orienteringar frå administrasjonen eller revisor, når disse inneheld opplysningar som er omfatta av lovpålagt teieplikt. Etter sekretariatets meining er det tilstrekkelige unntaksbestemmingar i lovverket til å sikra at saker som ikkje skal vera offentlege derfor kan vera unntatt.

Som det går fram av innleiinga er det kontrollutvalet sjølv som bestemmer om ein vil ha opne eller lukka møter. Saka vert derfor lagt fram utan forslag til vedtak.

#### **VEDTAK:**

[Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.](#)

SANDNES, 21. november 2011

Per Kåre Vatland  
Seniorrådgiver

[Saksliste](#)

[Neste](#)

[Førre](#)



## ROGALAND KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS

Arkivsak : 200800030  
Arkivkode : E: 033  
Saksbeh. : Per Kåre Vatland

<b>Behandlast av utval:</b> Kontrollutvalet i Forsand	<b>Møtedato</b> 29.11.2011	<b>Utvalssaknr.</b> 33 /2011
--	-------------------------------	---------------------------------

## FORSLAG TIL MØTEPLAN FOR 2012

### Bakgrunn

Med utgangspunkt i møte plan for 2011 og dialog med rådmannen har sekretariatet laga eit forslag til møteplan for 2012. Normalt har kontrollutvalet 4 møter i året

### Saksutgreiing

Som nemnt har kontrollutvalet normalt 4 møter i året, to om våren og to om hausten. I møteplanen for 2012 inviterar me kontrollutvalet til å legge inn eit ekstra møte i februar. Grunnen til dette er behov for opplæring og for å kunne få betre tid til planarbeidet. Forslaget møteplanen for 2012 legg difor opp til 3 møter om våre og 2 møtar om hausten.

Møtet 7. mai er tilpassa kommunen sin vedtekne møteplan, kor årsrekneskapen vert planlagt behandla i formannskapet 8. mai og i kommunestyret 15. eller 22. mai.

Kontrollutvalet har hatt møta sine på tysdagar og har starta møta kl 08.30. Sekretariatet har i sitt forslag til møteplan foreslått å endre både vekedag og tidspunkt. Bakgrunnen er at ynskjer å effektivisere arbeidet for både sekretariatet og revisor. Planen byggjer på at møta i Strand og Forsand vert lagt på same dag. Dette gir oss gevinst både tids- og kostnadsmessig. Møta i Forsand er derfor føreslått til måndagar kl 13.00

Møtedatoane skal tilpassast 16 andre kontrollutval, slik at det kan vere vanskeleg å endre på desse. Dersom kontrollutvalet likevel skulle ønskje å endre på desse vil me strekkja oss så langt me kan for å få dette til.

Forslag til

### VEDTAK:

Kontrollutvalet i Forsand vedtek følgjande møteplan for 2012:

Dag	Tidspunkt	Kommentarar
Måndag 13. Februar	kl. 13.00	
Måndag 7. mai	kl. 13.00	Møte er tilpassa Fsk 8. mai og Kst 15./22. mai
Måndag 18. juni	kl. 13.00	
Måndag 3. september	kl. 13.00	
Måndag 3. desember	kl. 13.00	

SANDNES, 21. november 2011

Per Kåre Vatland  
Seniorrådgivar

[Saksliste](#)

[Neste](#)

[Førre](#)

## ROGALAND KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS

Arkivsak : 200800097  
Arkivkode : E: 146  
Saksbeh. : Per Kåre Vatland

<b>Behandlast av utval:</b> Kontrollutvalet i Forsand	<b>Møtedato</b> 29.11.2011	<b>Utvallsaksnr.</b> 34 /2011
--	-------------------------------	----------------------------------

## ÅRSPLAN FOR 2012 - FORSAND KONTROLLUTVAL

### Bakgrunn

Kontrollutvalet sin årsplan er en overordna plan som dekker alle aktivitetane til kontrollutvalet i året som kjem. Planen er ikkje lovpålagt, men er eit styringsverktøy for kontrollutvalet, ved at den gir ein oversikt over forventa aktivitet det neste året. Årsplanen inngår i kontrollutvalet si rapportering til kommunestyret.

### Saksutredning

Planen gir ein kort oversikt over korleis kommunen sitt system for kontroll og tilsyn er satt saman. Det finnes vidare ein oversikt over saksbehandlinga i utvalet. Siste del av planen tar for seg dei oppgåver kontrollutvalet ventar å arbeide med i året som kjem.

Som vedlegg til planen ligger en oversikt over oppgåver fordelt ut over de ulike møta, ut frå de opplysningane vi har nå. Men planen kan verte endra undervegs. Det kan det kome endringar ved at saker kan bli forseinka som at rapporter el. Ikkje vert ferdig når dei var venta, eller at sakar vert flytt til seinare møte på grunn av saksmengde. Det kan og dukke opp saker undervegs som kontrollutvalet velgjer å behandle.

Som nemnt innleiingsvis inngår årsplanen i kontrollutvalet si rapportering til kommunestyret, og planen vert difor send til kommunestyret til orientering

Forslag til

#### VEDTAK:

1. Kontrollutvalet i Forsand vedtek årsplanen 2012 med de endringane som kom fram i møtet
2. Vedteken plan vert send til kommunestyret til orientering.

SANDNES, 21. november 2011

Per Kåre Vatland  
Seniorrådgivar

Vedlegg:

[Forsand kontrollutval – årsplan 2012](#)

[Saksliste](#)

[Neste](#)

[Førre](#)



**2012**

**FORSAND KONTROLLUTVAL – ÅRSPLAN 2012**



**Rogaland Kontrollutvalgssekretariat IS**

29.11.2011

## **Innleiing**

Kommunestyret har det øvste ansvaret for kontroll og tilsyn i kommune. Kommunestyret velger eit kontrollutval som har ansvar for å utføre den løpande kontrollen og tilsynet på vegne av kommunestyret. Kontrollutvalet rapporterer direkte til kommunestyret.

Kontrollutvalet har eit vidt mandat og kan i prinsippet ta opp eit kvart forhold med kommunen si verksemd, så lenge dette kan definerast som kontroll og tilsyn. Men det er to viktige avgrensingar:

1. kontrollutvalet kan ikkje overprøve politiske prioriteringar.
2. Kontrollutvalet har ikkje tilsynsansvar i forhold til kommunestyret.

Kommunestyret skal sørge for at kontrollutvalet har den sekretærbistanden som dei til ei kvar tid treng. Forsand kommune har løyst dette ved å gå inn i Rogaland Kontrollutvalsekretariat IS.

Når det gjeld revisjon har kommunen valt å gå inn i den interkommunale revisjonsordninga, Rogaland Revisjon IKS

Kontrollutvalet sitt mål er å vere ein aktiv og truverdig samarbeidspartnar, som er med på å få til at det vert ein god forvaltningspraksis i Forsand kommune.

## **Sakshandsaming i kontrollutvalet**

Kontrollutvalet i Forsand har hittil følgd hovudregelen i kommunelova og halde sine møter for lukka dører i tråd med.

Kontrollutvalet ønskjer å ha så open sakshandsaming som råd er. Difor vert innkalling og sakspapir lagt ut på kommunen sine heimesider før møta. Protokollen vert lagt ut så snart denne er klar etter møtet. Innkalling og protokoll vert og sende til rådmann og ordførar.

Kontrollutvalet vedtar i løpet av hausten møteplan for komande år. Møta vert tekne med i kommunen sin møtekalender. Den kan og finnast på kommunen si heimeside.

Kontrollutvalsekretariatet kallar inn til møter i samråd med leiar. Dagsorden vert førebudd i samarbeid mellom sekretariatet og leiar.

## **Kontrollutvalet sine oppgåver**

### **Oppgåver knytt til rekneskap, budsjett og internkontroll.**

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sine rekneskap vert revidert på ein sikker måte. Vidare skal kontrollutvalet uttale seg til kommunestyret om kommunerekneskapen. Denne uttala skal formannskapet kjenne til, før dei avgjer si innstilling til kommunestyret.

Kontrollutvalet sitt tilsyn omfattar mellom anna:

- Fylgje med i revisor sitt arbeid. Revisor rapporterer til kontrollutvalet to gonger i året: Presentasjon av planane sine og oppsummering av revisjonen i årsoppgjersnotatet.
- Fylgje med i kommunen sin økonomistyring og budsjett disiplin i kommunen, ved å fylgje med på tertialrapportane frå kommunen.
- Handsame kommunen sin årsrekneskap og revisjonsmelding.
- Fylgje opp eventuelle merknader frå revisor.
- Handsame skateoppkrevjar si årsmelding, skatterekneskapen og kontrollrapport frå Skatteetatens kontrollavdeling.

## **Forvaltningsrevisjon**

Kontrollutvalet skal årleg sjå til at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon. Vidare skal dei lage eigen plan for forvaltningsrevisjon som skal godkjennast av kommunestyret

Kontrollutvalet planlegg følgjande aktivitetar i 2012 på området:

